



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Utdanningsavdelinga

Vår ref.: 2003/18553

Arkivnr.:

Dykkar ref.:

Vår dato : 30.10.2003

Finnøy kommune
Judaberg
4160 FINNØY

Tilbakemelding etter besøk i Finnøy kommune 01.04.03

Fylkesmannen i Rogaland, Utdanningsavdelinga var på kontakt- og tilsynsbesøk i Finnøy kommune 01.04.03. Skolevurdering og kvalitetsutvikling var hovedtema for besøket. Temaet blei klargjort gjennom samtalar/intervju med representantar frå leiinga i kommunen, samt skoleleiarar og representantar for lærarar, foreldre og elevar.

Del 1:

Første del av kommunebesøket var sett av til strukturerte samtalar/intervju med informantar frå skole og PPT.

Del 2:

Andre del av kommunebesøket var sett av til informasjon/drøfting av aktuelle tema som kommunen hadde uttrykt ønske om å sette på dagsorden.

Følgjande personar deltok ved kontakt- og tilsynsbesøket:

Ottar Sandanger	Varaordforar
Reidulf Vignes	Kommunalsjef / rådmann
Malvin Sandanger	Leiar for OKO
Bente Tjelta	Pedagogisk konsulent
Terje Aukland	leiar av PPT
Vibeke Meling	HTV, undervisnings forbundet
Ingunn Bjerga	Rektor ved Talgje Oppvekstsenter
Jostein Østhush	rektor Finnøy Sentralskule
Espen Idsøe	lærar, tillitsvalt Finnøy Sentralskule
Bjørge Aadal	lærar, tillitsvalt Talgje Oppvekstsenter
Berit Røyseland Gaski	Foreldrerepresentant, SU leiar Talgje
Sissel Bjørke	Foreldrerepresentant, FAU leiar
Anne Grethe Flesjå	Elevrepresentant, Finnøy Sentralskule
Knut Kandal	Elevrepresentant, Talgje Oppvekstsenter
Henrik Hagtrø Gard	Elevrepresentant, Talgje Oppvekstsenter
Svein Helgesen	utdanningsdirektør
Audun Gjerde	rådgivar
Rune Andersen	rådgivar

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59	Lagårdsv. 78	51568700	postmottak@fm-ro.stat.no	Langflåtvn. 29	51568700
4001 Stavanger	Stavanger	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 210 Sentrum	Telefaks:
		51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568941

DEL 1

Intervju/samtalar med fokus på skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling

Samtalane tok utgangspunkt i eit sett av spørsmål som vert nytta ved kontakt- og tilsynsbesøk i alle kommunar. Fleirtalet av spørsmåla er felles for alle informantgruppene. Samtalane var organisert gruppevis. Hovudtema i samtalane er kommunen/skolane sitt arbeid med skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling, med basis i forskrift til Opplæringslova, §2-1:

” Skolen og lærebedrifta skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og dei enkelte læreplanane for fag.

Kommunen og fylkeskommunen har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.”

Planar i samband med skolebasert vurdering

Finnøy kommune har ein tredelt verksemndplan for skolen: ein for småskoletrinnet 1-4, ein for mellomtrinnet 5-7 og ein for ungdomstrinnet 8-10 . I tillegg til den kommunale overordna verksemndplanen arbeider skolane etter årshjul, halvårsplanar og vekeplanar. Dei ulike planane er i stor grad skriftleggjorte, sjølv om behovet for ei formalisering av dette er større på store skoler enn på små. Forklaringa ligg i at små skolar oftare gir rom for tettare dialog mellom dei ulike aktørane.

Ekstern deltaking i skolebasert vurdering

PPT er aktivt med i arbeidet med kvalitetsutvikling i Finnøy kommune. I tillegg til rolla som sakkunnig innstans i vurderinga av spesialpedagogiske tiltak på individnivå og organiseringa av desse, har PPT sett fokus på meir systemretta arbeid i skolen. Observasjon av elevane i klassen har bidratt til større heilskap og meir målstyrte tiltak, særleg i høve til problematferd, der førebyggjande tiltak har vist seg svært positive for klassemiljøet. Denne arbeidsmåten har ført til nedgang på individsaker i Finnøy kommune.

Skolen opplever PPT sin nærliek og oppfølgjing i skolekvardagen som svært god.

Evaluering av arbeidet med skolebasert vurdering

Årsmeldingar, brukarundersøkingar, kartleggingsprøver, karakterstatistikkar og medarbeidarsamtalar er verktøy som blir nytta når det samla arbeidet med kvalitetsutvikling på skole/kommunenivå skal vurderast og reviderast.

Kommuneleiringa legg vekt på eit nært samarbeid mellom foreldra og den enkelte skolen, noko som er avgjerande for å kunne sikre og vidareutvikle gode rutinar for skolebasert vurdering. Skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling har såleis vore tema på rektrømøte, i FFF (Finnøy-Fådelt-Forum), personalmøte, foreldremøte og i elevsamtalane. Planane blir utforma på skole-kommunenivå med bakrunn i desse samtalane/drøftingane og ulike trivselsundersøkingar, saman med foreldre, elevar og personalet på den enkelte skolen.

Det er kommunalsjef og pedagogisk konsulent som har det overordna ansvaret for arbeidet med skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling i kommunen. Kommuneleiringa ser følgjande oppgåver/utfordringar som særleg viktige: Vere motivator på skolenivå, ivareta elevane, medverke til eit godt skole/heim samarbeid, vise engasjement og setje i gang prosessar. Kommuneleiringa meiner at det stort sett er samsvar mellom teori og praksis i Finnøy kommune.

DEL 2

Aktuelle saker/tiltak i Finnøy kommune – orientering og drøfting

Rehabilitering

Rehabiliteringen av skolar og bygg, som har pågått systematisk gjennom fleire år, inneber store økonomiske kostnader for Finnøy kommune.

Økonomi

Driftsmidlane på kommunalt nivå gjev grunn til bekymring. Kutt av lærarstillingar, omorganiseringar på skolenivået eller flytting/samanslåing av verksemder er aktuelle tiltak som nå må vurderast nøye.

Uteområde

I månadsskiftet des/jan. blei ei brukarundersøkjing gjennomført på dei ulike skolane/avdelingane i kommunen. Resultata varierte naturleg nok frå skole til skole, men tilbakemeldinga på mange av spørsmåla var positive både frå foreldre og elevar. Kommunen har på bagrunn av undersøkjinga bestemt seg for å setje særleg fokus på uteområda for barna. Opparbeiding av leikeområde og grøntareal er i gang.

Samtak

Vidareføring av ”Samtak” er nødvendig, særleg med tanke på nettverksbyggjing og spreiling av dei erfaringane som er gjort i dette arbeidet

Fagkompetanse

Auka fagkompetanse blant lærarane er viktig. Kommuneleiinga oppmodar lærarane til å nytte den statlege stipendordninga.

Utdanning - Ikt

Ikt skal vere eit satsingsområde for skolane i Finnøy i åra framover. Kommuneleiinga vil legge til rette for kurs og etterutdanning.

Utdanning - Vurderingsrettleiar

Etter at ”Luis-programmet” blei avslutta i 2002 har kommunen inngått eit samarbeid med Høgskolen i Stavanger om utdanning av vurderingsrettleiarar. Alle rektorar, tilsette ved skolekontoret og nokre lærarar deltar på dette kurset som gir 3 vekttal.

Karakterstatistikk

Offentleggering av karakterstatistikken 2003, med relativt svake resultat for kommunen, førte til ein grundig gjennomgang av verksemda i Finnøyskolen. Rektorar, lærarar og elevar tok resultata alvorleg og uttrykte ønskje om ei systematisk oppfølgjing med konkrete tiltak, særleg i høve til basisfaga. Karakterstatistikken førte med andre ord til ein del positive tiltak. Det er likevel viktig å ikkje trekke forhasta konklusjonar ut frå resultata for eitt avgangskull.

Sosial kompetanse

Arbeidet med den sosiale kompetansen i skolen er i fokus. Kommunen vurderer å ta i bruk ulike mobbeprogram, eventuelt utarbeide tiltak lokalt. Lions Quest og Steg for Steg kan vere aktuelle program i i denne samanhengen.

Tilsynsbesök

Kommuneleiinga gjennomfører faste tilsynsbesök på skolane. Desse blir oppfatta som svært positive og nyttige. Den direkte dialogen mellom kommuneneiinga og dei tilsette på skolane gir viktig kunnskap og korreksjon av kommunen si verksemde.

Spesialundervisning

Statistikken viser at Finnøy kommune ligg høgt når det gjeld elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning. Dette meiner kommuneleiinga blant anna kan forklara med ein spreidd geografisk skolestruktur. Mange små skolar gjer det vanskeleg å samle ressursane. Dessutan har Finnøy kommune relativt sett mange multifunksjonshemma barn (har hatt dette over lang tid) og innvandrarar. Dette er grupper som skal og må ha tilført store ressursar. Samarbeidet med PPT er svært godt, der dialogen mellom sakkunnig innstans og skolane har vist seg å gi gode resultat i form av reduksjon av saker på individnivå.

Oppsummering/vurdering

Følgjande oppsummering/vurdering frå utdanningsdirektøren byggjer i hovudsak på inntrykka frå samtalar og informasjon under kontakt- og tilsynsbesøket, samt frå gjennomgang av skriftleg materiale innsendt frå kommunen i førekant av besøket:

Finnøy kommune synest å ha etablert gode rutinar når det gjeld strategiarbeid, verksemndplan og satsingstiltak på kommune-/skolenivået. Utdanningsdirektøren ser dette som eit godt grunnlag for vidare arbeid med evaluering og oppfølgjing av vurderings- og kvalitetsutviklingsarbeidet. Kommunen som skoleeigar har eit aktivt engasjement i forhold til den enkelte skolen. Dei faste tilsynsbesøka er spesielt positive i så måte.

Kommunen har definert satsingsområde og mål for arbeidet i skolen, med grunnlag i innsikt og tenking omkring framtidige utfordringar. Utdanningsdirektøren ser positivt på planar om å supplere intern skolebasert vurdering med ekstern vurdering via vurderingsrettleiarar og bruk av nettstaden "Elevinspektørene". Eit godt samarbeid med PPT bør også vidareførast og styrkast som ledd i systematisk vurderings- og kvalitetsutviklingsperspektiv.

Utdanningsdirektøren registrerer at Finnøy kommune har store økonomiske utfordringar med betydelege konsekvensar også for skolesektoren.

Samtalane tilseier at skolane i Finnøy har ei utfordring i å styrke innsatsen i forhold til skole-heim-samarbeid og elevmedverknad. Det er viktig å unngå at foreldre opplever kontakten med skolen mest som einvegskommunikasjon med mykje informasjon og lite dialog. Samarbeid og kontakt bør ikkje bli for avhengig av den enkelte læraren. Det er også viktig å sjå til at ein ved små og oversiktlege skolar ikkje stoler for mykje på munnlege rutinar. Erfaring viser at formalisering og skriftleggjering av rutinar gir den beste garantien for samarbeid som er forpliktande for alle partar.

Foreldre synest å ønske ei styrking av FAU og SU si rolle. Både skolen og dei føresette gir uttrykk for at betre dialog og sterkare medverknad føreset at foreldra har reell vilje til å engasjere seg.

Utdanningsdirektøren vil til slutt takke Finnøy kommune for eit hyggeleg og godt tilrettelagt besøk, god informasjon og konstruktiv dialog.

Med helsing

Svein Helgesen
utdanningsdirektør

Rune Andersen
rådgivar

*Saksbehandlar: Rune Andersen
Saksbehandlars telefon: 51 56 87 37
E-post: rune.andersen@fm-ro.stat.no*